

20.03.2020

Poon Tip's startar sin 8. sesong i Uskedalen.



Poon Tip's Thai take away ynskjer gamle og nye kundar velkomne til den 8. sesongen i Uskedalen.

**Poon Tips` s Thai take away startar sin 8. sesong i Uskedalen. Opninga med thaimat i Uskedalen var i 2013 og etter det har det vore drift kvart år utan stopp. Det vart rett nok ein vindfull opning i år. Myke regn, sterkt vind med dramatiske vindkast førte til at vogna har vore stengd tre gonger. No skal ein finna ny løysing der luka vert forsterka.**

På menylista finn vi heile 13 matrettar. Det er gjort nokre mindre justeringar sidan i fjar, men stort sett er menyen den same. Innehavar Pornthip Pomngern fortel at ho har faste kundar og det er gode tilbakemeldingar på det ho lagar og serverer. **Ho har faste opningstider, fredag, laurdag og sundag, kl. 14.00 til kl. 20.00**

Ho handlar stort sett råvarene lokalt på Spar Uskedalen. Noko er import. Pornthip er usikker på kva som skjer i tida framover med koronaviruset. Det kan føra til auka sal, men det kan også gå den andre vegen. Ho tek det som kjem. Ho er svært nøyen på hygienen, vaskar og turkar alle overflater mange gonger for dagen.

Pornthip Pomngern trivst godt i Uskedalen. Ho fekk ei god mottaking for 8 år sidan og etter det har ho berre godt å sei om bygdefolket og kundane.

**Dersom du vil tinga mat og henta på avtalt tid, bruk denne mobilen: 970 68 597.**

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal